

Kva er nyliberalisme?

Dag Einar Thorsen og Amund Lie

Samandrag:

Omgrepet ”nyliberalisme” har dei siste tjue åra vore mykje brukt i ein god del politiske og akademiske debattar. Fleire har til og med hevda at nyliberalismen er ”den dominerande ideologien som formar verda vår i dag”, og at vi lever i ”nyliberalismens tidsalder”. Men sjølv om mange har lagt vekt på at nyliberalisme er eit særskilt viktig fenomen, vil ikkje dét seia at vi har å gjera med eit klårt definert omgrep. Det kan til og med seiast at omgrepet har vorte ståande som eit udefinert og lite presist moteord i mykje av den aktuelle litteraturen. Difor kunna det vera ynskjeleg å formulera ein meir nøyaktig definisjon. Dette freistar vi å gjera i denne artikkelen. Fyrst då vert omgrepet eit fruktbart analytisk verkty for å skildre nylege økonomiske og politiske trendar, sjølv om det nok er ei overdriving å seia at vi lever i ein nyliberal tidsalder eller i eit nyliberalt samfunn.

Innhald:

INNLEIING	2
LIBERALISME	3
NYLIBERALISME: HISTORISKE UTGANGSPUNKT OG DEFINISJONAR	8
LEVER VI I ”NYLIBERALISMENS TIDSALDER”?	17
LITTERATURLISTE	20

Brødtekst: 45 030 anslag

Med litteraturliste og forfattarpresentasjon: 55 277 anslag

Totalt (med forside): 56 468 anslag

Innleiing

Temaet for denne artikkelen er omgrepet ”nyliberalisme” og historia bak dette omgrepet. Omgrepet har gjennom dei siste tjue åra vorte noko av eit moteord i mange politiske og akademiske debattar. Dette har spesielt vore tilfelle blant forfattarar som stiller seg kritiske til det dei omtalar som nyliberalisme, kor nyliberalisme ofte vert skildra som ei sørgjeleg spreing av global kapitalisme og konsumerisme, og på liknande vis som ei lite ynskjeleg nedbygging av ein omfattande velferdsstat (jamfør spesielt Bourdieu 1998; 1998a; 2001; Chomsky 1999; Touraine 2001; Hermansen; Saad-Filho og Johnston 2005; Hagen 2006; Plehwe et al. 2006).

Omgrepet gjer på eit vis framlegg om sin eigen definisjon: ”Nyliberalisme” er ei gjenoppliva form for ”liberalisme”. Denne definisjonen slår fast at liberalisme, som ein politisk ideologi, har vore fråverande frå politiske diskusjonar og politikktutforming for ein tidsperiode, for så seinare å oppstå att i ei fornya form. Med andre ord fører dette til at liberalismen har vore gjenstand for ein prosess med vekst i ein startfase, ein mellomliggjande fase prega av nedgang og stagnasjon, og til slutt ei meir nyleg oppstode, kor denne ideologien har fått auka innverknad.

Alternativt kan nyliberalisme reknast som ein særskilt ideologi, som rett nok stammar frå ei meir opphavleg form for liberalisme, men som jamvel ikkje er heilt identisk med denne. Ut frå ei slik tolking vil nyliberalismen dele nokre historiske røter og nokre av dei same hovudelementa og det same ordtilfanget ein kan finne i den ”eigentlege” liberalismen. Denne tolkinga plasserar nyliberalisme i same kategori som amerikansk ”nykonservatisme”, som nok har visse likskapstrekk med konvensjonelt konservativt tenkjesett, men som også klårt skil seg ut, på ein slik måte at ”nykonservatisme” berre med store atterhald kan kallast ein genuint *konservativ* ideologi (Kristol 1983; Wolfson 2004; Fukuyama 2006).

Eit lite mysterium som møter dei som ynskjer å studere nyliberal ideologi, er at det ikkje ser ut til å vera nokon som har skriva om nyliberalisme ut frå ein positiv eller jamvel berre ein nøytral ståstad. I praksis er det slik at nær sagt alle som skriv om nyliberalisme gjer det som ein del av ein kritikk av nyliberal ideologi og nyliberale utviklingsdrag. I denne ”kritiske litteraturen”, som vi vel å kalle han, vert nyliberalisme vanlegvis oppfatta som ei tilbakevending til eit særskilt aspekt ved den liberale tradisjonen, nemleg *økonomisk*

liberalisme. Økonomisk liberalisme er fyrst og fremst basert på tanken om at staten skal avstå frå å gripe inn i økonomien og i staden overlate så mykje som mogleg til individuell deltaking i frie og sjølvregulerande marknader. Ut frå vårt syn bør slik økonomisk liberalisme og nyliberalisme skiljast frå meir alminneleg liberalisme. I tråd med *Oxford English Dictionary* (1989), forstår vi dette som ein politisk ideologi som er ”positiv til konstitusjonelle endringar og rettslege eller administrative reformer som peiker i retning av fridom og demokrati”. Den same ordboka skildrar nyliberalisme også som ”ein modifisert eller gjenoppliva form for tradisjonell liberalisme, [spesielt] basert på trua på den frie marknadskapitalismen og individuelle rettar” (Oxford English Dictionary 1989a). Sjølv om desse definisjonane kan karakteriserast som ganske opplysende, treng dei likevel meir utdjuping, noko som vi freistar å gjera nedanfor.

I den andre delen av denne artikkelen freistar vi å gje ein kort analyse av omgrepet liberalisme, fordi vi finn det naudsynt å gjera dette før vi diskuterar kva nyliberalisme eigentleg er. Denne analysen av liberalisme vil tene som ein bakgrunn til del tre, kor meininga er å gje ein analyse av omgrepet nyliberalisme. På slutten av den tredje delen vil vi gje ein samla definisjon av omgrepet. I den fjerde og siste delen freistar vi å spørje kor viktig nyliberalisme i realiteten er, og i kva grad det er ein styrande kraft i dagens samfunn, slik mykje av den kritiske litteraturen hevdar. Denne seksjonen vil innehalde fleire spørsmål enn klare svar, og med dette ynskjer vi å inspirera andre til å delta i refleksjonar, diskusjonar og vidare forskning.

Liberalisme

Omgrepet nyliberalisme kan setjast i samband med ein særskilt måte å oppfatte utviklinga av liberal tankegang på. Det legg vekt på at liberalismen på eit tidspunkt hadde sterk innverknad som politisk ideologi, men at han på eit seinare tidspunkt mista noko av sin innverknad, og at han i nyare tid har reist seg på nytt. Denne tenkjemåten er i strid med det faktum at liberalismen fullt ut har dominert både normativ politisk teori og praktisk politikk i Vesten dei siste seksti åra. Dette har vore tilfelle i ein slik grad at liberalismen har vorte som ein felles arv blant politiske tenkjarar, profesjonelle politikarar og nær alle sentrale politiske rørsler i ulike land. Dette er dokumentert ved det faktum at det knapt er nokon som argumenterar *mot* fridom og demokrati – sjølvne grunnverdiane i liberalismen – i dag. Nyliberalisme kan difor knapt reknast som ei oppstode av ein tapt tradisjon av liberalt,

politisk tankegods. Ut frå vårt syn bør nyliberalismen i staden sjåast på som ein ideologi som er forskjellig frå , og som ofte står i motsetnad til, det som ofte reknast som ”liberalisme”.

Adjektivet ”liberal” fekk ei særskilt politisk meining med etableringa av liberale grupper i dei svenske og spanske parlamenta i dei fyrste tiåra av det nittande hundreåret (Gray 1995). Når desse nyetablerte politiske partia kalla seg sjølv ”liberale”, ville dei signalisere deira positive syn på den tidlege utviklinga av demokratiske system i Storbritannia og USA, i motsetnad til dei konservative opponentane deira, som ville vende attende til eit førrevolusjonært styresett (Jamfør Sartori 1987:367f). Likevel er tilnamnet vanlegvis nytta til å skildre eit eldre fenomen, som kan knytast tilbake til dei politiske teoriane til John Locke, og særleg til det filosofiske og teologiske forsvaret hans av folkesuverenitet og religiøs toleranse på slutten av det syttande hundreåret (Laski [1936] 1997; Ryan 1993; Gray 1995). Delvis grunna eit lengre historisk utgangspunkt har omgrepet ”liberalisme” vorte eit nokså uklårt omgrep, og bruken har hatt ein tendens til å variere over tid, og då særleg i tråd med regionale røynsler. Opningssetningane i ei referansebok skulle vera tilstrekkeleg til å skildre den hovudpina som ein ordboksforfattar lett kan få:

“Anyone trying to give a brief account of liberalism is immediately faced with an embarrassing question: are we dealing with liberalism or liberalisms? It is easy to list famous liberals; it is harder to say what they have in common. John Locke, Adam Smith, Montesquieu, Thomas Jefferson, John Stuart Mill, Lord Acton, T. H. Green, John Dewey and contemporaries such as Isaiah Berlin and John Rawls are certainly liberals – but they do not agree about the boundaries of toleration, the legitimacy of the welfare state, and the virtues of democracy, to take three rather central political issues” (Ryan 1993:291).

Saka vert heller ikkje noko enklare av det faktum at mange nyttar omgrepet ”liberalisme” som eit allment omgrep ”for å prise eller fornærme i ein politisk kamp”, der mange liberale freistar å ”definera liberalisme på ein slik måte at berre dei mest villfarne eller dei mest vondsinna som kan mislukkast i å verte liberalarar” (Ryan 1993:292). I tillegg er det slik at ulike liberale parti, politikarar, og politiske filosofar ofte har lagt til grunn ulike meiningar av kva som er den ”opphavlege” eller ”sanne” tydinga av kva liberalisme egentleg er. Dette er som oftast det som skjer når tilhengjarar av økonomisk liberalisme støyter saman med meir

venstreorienterte tilhengjarar av "sosialliberalisme" i grunnleggjande spørsmål som gjeld kva og kor mykje staten skal stella med.

Det er likevel enklare å identifisera nokre av dei mest vanlege skilja innanfor liberalisme og liberalt tenkjesett. Eit slikt vanleg skilje går mellom ei "klassisk" og "moderne" form for liberalisme (Ryan 1993:293-296). Slik Ryan tolkar det er *klassisk* liberalisme knytt opp mot tidlege liberalarar, som tidlegare nemnt John Locke og Adam Smith. I tillegg namngjev han Alexis de Tocqueville frå det nittande hundreåret, og Friedrich von Hayek frå det tjuande hundreåret, som klassiske liberalistar.

Klassisk liberalisme vert ofte sett i samband med tanken om at staten bør vera *minimal*, noko som vil seie at praktisk talt alt med unntak av væpna styrkar, handheving av lovar og andre såkalla "kollektive gode" bør handterast fritt av borgarane sjølv, og dei organisasjonane dei fritt vel å etablere og ta del i. Denne statsforma er nokre gonger skildra som nattvektarstaten, fordi den einaste oppgåva til den minimale staten er å halde oppe dei mest grunnleggjande formene for offentleg orden. Nokre av desse forfattarane, med John Locke ([1689/90] 1823) i spissen, reknar til og med staten som ein frivillig samanslutning mellom einskildmenneske, der medlemmene rettmessig kan gjera opprør dersom staten tek til seg meir makt enn den makta innbyggjarane opphavleg hadde tiltenkt staten. Klassisk liberalisme har difor mykje til felles med det som nokre gonger vert skildra som "økonomisk liberalisme". Det er også ofte slik at klassiske liberalistar i dag ofte reknast som leiande tilhengjarar av "nyliberalisme".

I motsetnad til klassiske liberalistar er moderne liberalistar prega av ein større vilje til å la staten få ha ei meir sentral rolle i utforminga av den økonomiske politikken. Dette har ofte ført til ein sterkare hug til å ville regulere marknadsplassen og la staten levera naudsynte varer og tenester til borgarane. Moderne liberalisme er difor i alle høve ein grundig revisjon av liberalismen, spesielt i høve til den økonomiske politikken. Der "klassiske" eller "økonomiske" liberalistar er tilhengjarar av økonomisk politikk basert på *laissez-faire*, av di dei leiar til meir fridom og demokrati, legg moderne liberalistar til grunn at denne analysen er utilstrekkeleg og misvisande og at staten må spela ei sentral rolle i økonomien dersom dei mest grunnleggjande liberale måla om meir fridom og demokrati skal verkeleggjerast.

Slike ”moderne” syn kan setjast i samband med teoretikarar frå det nittande hundreåret, som Benjamin Constant og John Stuart Mill. I nyare tid har John Dewey, William Beveridge og John Rawls formulert liknande idear. På generelt grunnlag kan moderne liberalisme lokaliseras til venstre for klassisk liberalisme, på grunn av viljen til å nytte staten som eit instrument for å omfordele velstand og makt, for med det å skape eit meir rettferdig samfunn (jamfør spesielt Rawls 1971; Ackerman 1980).

Ryan opererer i tillegg med eit skilje mellom likskapsorienterte liberalarar og det han nemner som ”libertarianar”. Slik namnet kan tyde på, er libertarianisme kjenneteikna av ei særstør merksemd kring fridom som ein overordna verdi, og då spesielt økonomisk fridom, kopla saman med ein tilsvarande nedvurdering av andre tradisjonelle liberale formål og verdiar, som demokrati og sosial rettferd. Dette skil libertarianarar frå mange tidlegare klassiske liberalistar som Smith og Tocqueville. Sjølv om dei i stor grad var talsmenn for omfattande økonomisk fridom, la dei også vekt på legitimiteten til andre omsyn. Seinare klassiske liberalistar som Hayek er knapt mogleg å skilje frå libertarianarane, sjølv om han og andre økonomar frå den såkalla ”austerrikske skulen” insisterte på å karakterisere seg sjølv som tilhengjarar av klassisk liberalisme. På same tid skulda dei den jamne straum av liberalarar for å vera talsmenn for ”eit program som berre i detaljar skil seg frå totalitarismen til sosialistane” (Mises 1962:v; jamfør Hayek 1973; 1976, 1979). I motsetnad til dette held meir likskapsorienterte liberalarar på den tradisjonelle liberale tanken om at legitime mål og verdiar er mange, og at økonomisk fridom berre er eit av desse måla. Namnet på denne forma for liberal ideologi, liberal egalitarianisme, let det skine gjennom at likskapsorienterte liberalarar gjerne vil sjå likskap samstundes som dei gjerne vil sjå fridom, noko som plasserar dei langs med andre moderne liberalistar, politisk til venstre for såkalla klassiske liberalarar og libertarianar.

Ei kartlegging av historia og den seinaste utviklinga av liberalt tenkjesett viser at det er lett å seie seg samde med Ryan (1993), som hevdar at det er vanskeleg å finne ut kva for politiske ideal, mål og oppfatningar som liberalarar er samde om. Likevel har det vore fleire forsøk på å koma fram til ein ny felles definisjon av kva type ideologi liberalisme faktisk er. Løysinga til John Gray er å leggja vekt på kva han oppfattar at alle liberalistar er samde om. Han identifiserar fire hovudelement i eit grunnleggjande syn på tilhøvet mellom individ og

samfunn, som han legg til grunn at liberalistar av alle slag seier seg samde om, og som skil dei ut frå folk som ikkje er liberale:

“Common to all variants of the liberal tradition is a definite conception, distinctively modern in character, of man and society. What are the elements of this conception? It is *individualist*, in that it asserts the moral primacy of the person against the claims of any social collectivity; *egalitarian*, inasmuch as it confers on all men the same moral status and denies the relevance to legal or political order of differences in moral worth among human beings; *universalist*, affirming the moral unity of the human species and according a secondary importance to specific historic associations and cultural forms; and *meliorist* in its affirmation of the corrigibility and improvability of all social institutions and political arrangements. It is this conception of man and society which gives liberalism a definite identity which transcends its vast internal variety and complexity.” (Gray 1995:xii, med forfattarens egne uthevingar).

Det innleiande essayet til Ryan om liberalisme inneheld også ei utgreiing av nokre grunnprinsipp innanfor liberal ideologi, oppsummert under overskrifta av tre ”liberale antipatiar”, og tre ”liberale løysingar”. I fylgje Ryan (1993) er den liberale motvilja ovanfor politisk einevelde, prestestyre og uavkorta kapitalisme felles for alle liberale tenkjarar og rørsler frå Locke til vår tid. Av desse grunnprinsippa er det kanskje det siste som verkar noko overraskande ut frå den vektlegginga av økonomisk fridom vi kan finne hjå dei klassiske liberalistane. Det er, som Ryan viser, likevel markerte skilnader mellom den nokså gunstige vurderinga av marknadsøkonomien gjeven av klassiske liberalistar som Smith, og den kompromisslause støtta til einkvar type marknadsaktivitet som framvisast av mange libertarianarar, som Ryan indirekte plasserar utanfor den ”eigentlege” liberalismen. På den andre sida er dei liberale løysingane han talar om meir kjente. Han seier at liberalisme er eit sett av politiske teoriar som fyrst og fremst legg vekt på at individa bør vera frie til å velje mellom ulike meiningsfulle alternativ i viktige avgjerdsituasjonar i livet. For det andre inkluderar liberalisme det synet at samfunnet bør vera gjenstand for lovreglar og demokratisk styring. Til slutt set han liberalisme i samband med ideen om at statleg makt bør utøvast med varsemnd og med konstitusjonelle avgrensingar, til dømes innanfor eit system basert på maktdeling slik som dette har vore føreslått av tidlege liberalistar som Locke og Montesquieu.

Liberalisme er utan tvil eit omgrep som er vagt og samstundes mykje diskutert. Vanlegvis skildrar omgrepet ein tendens mot individuell fridom og demokrati som kan vera til stades i ein person sitt politiske syn eller integrert i den politiske kulturen i eit land, snarare enn eit sett med klårt definerte politiske oppfatningar (jamfør Waldron 1987; Shklar 1989; Walzer 1990; Larmore 1990; Rawls 1993; Galston 1995; Kekes 1997; Gray 2000). Som ein innleiande definisjon føreslår vi at liberalisme best kan forståast som eit *”politisk program eller ein ideologi kor hovudmåla i store trekk inkluderar spreining, fordjuping og vern av det konstitusjonelle demokratiet som klårt avgrensar offentlege styringsinngrep, sikrar individuell fridom, og dei grunnleggjande menneskerettane som har verdi for kvart og eit menneskeliv”*.

Denne definisjonen er til dels inspirert av Giovanni Sartori, som legg vekt på at liberalisme er best forstått som ein ”praktisk” teori omkring oppbygginga og vedlikehaldet av demokratiske institusjonar som sikrar einskildmenneskets fridom, snarare enn ein høgtsvevande metafysisk teori om tilhøvet mellom individ og samfunn (Sartori 1987:379-383). Dette tyder på at liberalisme i mindre grad er ein ”partipolitisk” ideologi, men i større grad ein felles arv mellom dei som har forplikta seg i høve til dei same måla om å verne til dømes demokrati og fridom. Vi er av den oppfatninga at vår definisjon er betre enn dei fleste andre som har vore presentert frå tid til annan, av di vår definisjon legg vekt på dei praktiske sidene ved liberal politikk og som samsundes inkluderar dei mest sentrale måla som liberalarar ynskjer å sjå bli verkeleggjort. Sidan vår definisjon ikkje freistar å flykte inn i ei metafysisk verd av abstrakt filosofi, er det meir sannsynleg at vår definisjon er meir kontroversiell enn definisjonen til Gray. Vi trur likevel at vår definisjon er noko meir politisk relevant enn nokre av dei andre forsøka som (med lite håp) ynskjer å fange inn kva som bør meinast med det som har vorte eit ”essensielt omstridt omgrep” (Abbey 2005; jamfør Gallie 1956).

Nyliberalisme: historiske utgangspunkt og definisjonar

Den ”kritiske” litteraturen

Slik nokre typiske representantar for det vi over kalla ”den kritiske litteraturen” ser det, så lever vi i ”nyliberalismens tidsalder” (Saad-Filho og Johnston 2005:1). Saman med dei andre forfattarane av boka, *Neoliberalism – A Critical Reader*, deler dei det – ikkje naudsynsvist heilt korrekte – synet at makt og kapital i aukande grad vert konsentrerte innanfor

transnasjonale selskap og elitegrupper. Dette er, i fylgje dei same forfattarane, eit naturleg resultat av den praktiske iverksetjinga av ein økonomisk og politisk ideologi som dei omtalar som ”nyliberalisme”. På den same bokas baksideomslag går framlegget endå lengre ved å skildre nyliberalisme som ”den dominerande ideologien som formar verda vår i dag”. Men trass i at dei openbert meiner at nyliberalismen er ein overskuggande viktig del av forklaringa på verdas noverande vonløyse, finn Saad-Filho og Johnston det ”umogleg å definera kva nyliberalisme er reint teoretisk” (ibid.).

I fylgje eit anna tilskot i den same boka er det ikkje mogleg å datere presist når nyliberal ideologi fyrst gjorde seg gjeldande. Mykje av dei tankane som i dag går under nemninga, kan likevel sporast tilbake til den såkalla klassiske liberalismen til Adam Smith og elevane hans. Dette gjeld særskilt tankane deira om tilhøvet mellom individ og samfunn, som i sin tur var utgangspunktet for dei økonomiske teoriane deira (Clarke 2005). Ut frå dette synet er nyliberalisme tenkt på som eit heilt nytt ”paradigme” for økonomisk teori og politikktutforming – ideologien bak det siste steget i utviklinga av det kapitalistiske samfunnet – og på same tid ei tilbakevending til dei økonomiske teoriane til Smith og dei intellektuelle arvingane hans i det nittande hundreåret.

Denne argumentasjonen er ført vidare av Palley (2005), som argumenterar for at ein ”diger omvelting” har funne stad, kor nyliberalisme har erstatta dei økonomiske teoriane til mellom anna John Maynard Keynes (1936) og kollegaene hans. Keynesianisme, som dette tenkjesettet vart kalla, var det dominerande teoretiske rammeverket i økonomi og politikktutforming i perioden frå 1945 til 1970. Men dette rammeverket vart etter kvart erstatta av eit meir ”monetaristisk” syn inspirert av teoriane og forskinga til mellom anna den amerikanske økonomen Milton Friedman (1962; Friedman og Schwartz 1963). Sidan den tid har ”nyliberalisme”, monetarisme og relaterte teoriar i fylgje Palley dominert makroøkonomisk politikktutforming. Tendensane mot færre statlege inngrep i økonomien og ei større vektlegging av prisstabilitet i utforminga av den økonomiske politikken, og ei parallell nedprioritering av tradisjonelt keynesianske målsetjingar som full sysselsetting og stogging av fattigdom, er trekk som peikar i ei slik retning.

Som Munck (2005) legg vekt på er høvet for ein sjølvregulerande marknad eit sentralt utgangspunkt i klassisk liberalisme, som seinare er overteke av nyliberalistane. Effektiv

allokering av ressursar er det viktigaste målet til eit økonomisk system, og den mest effektive måten å allokere ressursar på går gjennom marknadsmekanismar, i fylgje det Munck omtalar som ”nyliberale økonomiske teoriar”. Inngrep i økonomien frå statlege styresmakter er difor nesten aldri ynskjeleg, av di slike inngrep kan undergrave ein fint innstilt og naturleg marknadslogikk. Å gripe inn i ein marknad kan også redusera økonomisk effektivitet. Som ”den dominerande ideologien som formar verda vår i dag”, utøver nyliberalisme stor makt i samtidsdebattar i samband med reformer i internasjonal handel og i offentleg sektor. Ein vert difor i hovudsak anten tvungen til å opponere mot nyliberale reformer, eller i staden å medverke til spreinga og utdjupinga av slike reformer.

Boka *The Critical Reader* er på mange måtar ein typisk representant for den ”kritiske litteraturen”, kor hovudmålet er å spreie informasjon om ein utviklingstendens med stor grad av innverknad eller ideologi som dei ulike forfattarane har døypt ”nyliberalisme” (sjå tildømes Blomgren 1997; Bourdieu 1998; 1998a; 2001; Giddens 1998; Chomsky 1999; Campbell and Pedersen 2001; Touraine 2001; Marsdal og Wold 2004; Rapley 2004; Harvey 2005; Hagen 2006; Plehwe et al. 2006). Fleire av desse arbeida legg vekt på at nyliberalisme er særskild viktig, sjølv om dei på same tid ser ut til å vera relativt nøgde med ikkje å definera omgrepet ”nyliberalisme”, på same vis som Saad-Filho og Johnston. Det er difor lett å mistenkja at omgrepet, i det minste hos somme, no har vorte eit omgrep, eit tenleg skjellsord, som vert nytta til å skildre ein kvar økonomisk og politisk utvikling som ikkje er ynskjeleg.

Nyliberalisme: historia bak omgrepet

Sjølv om mykje av den seinaste litteraturen legg vekt på at nyliberalisme er eit nytt fenomen, kan bruken av omgrepet dokumenterast tilbake til slutten av det nittande hundreåret (Oxford English Dictionary 1989a), kor det blei nytta i ein artikkel av den framståande fransk økonomien Charles Gide (1898; 1922), som òg var ein sentral ideolog både i samvirkerørsla og innanfor den kristensosialistiske tradisjonen. Artikkelen hans er i hovudsak ein polemikk mot den såkalla ”nyliberale” italienske økonomien Maffeo Pantaleoni (1898). Gide nyttar omgrepet på ein måte som minner om nylegare bruk av det, for å skildre den tilbakevendinga til dei klassisk liberale økonomiske teoriane til mellom anna Adam Smith, som Gide meiner at Pantaleoni og læraren hans Alfred Marshall stod for. I tida etter Gide er det likevel få som nyttar seg av omgrepet, og bruken er samstundes inkonsistent sidan ulike forfattarar ser ut til

å leggja vekt på ulike aspekt ved liberalismen når dei kategoriserar seinare bidrag som ”nyliberale” (jamfør til dømes Barnes 1921; Burns 1930; Merriam 1938).

Doktoravhandlinga til Jacques Cros, “*Le ‘néo-libéralisme’ et la révision du libéralisme*” er etter det vi kan sjå det fyrste bidraget i bokform som nyttar seg av omgrepet ”nyliberalisme” i tittelen (Cros 1950). I fylgje Cros er nyliberalisme den politiske ideologien som vart resultatet frå nokre forsøk på å styrkje klassisk liberalisme i perioden rett før og under den andre verdskrigen, av politiske og økonomiske tenkjarar som Wilhelm Röpke (1944; 1945) og Friedrich von Hayek (1944; Hayek et al. 1935). Hovudargumentet til Cros er at desse nyliberalistane har freista å omdefinera liberalisme ved å vende tilbake til eit meir høgoreorientert syn i den økonomiske politikken, samanlikna med den moderne likskapsorienterte liberalismen til mellom anna Beveridge og Keynes. Cros gav desse ”nyliberalistane” mykje ære for å argumentere mot totalitære synspunkt i ei tid då berre få personar gjorde dette, og då særskilt blant intellektuelle. Likevel er han skeptisk til deira mest sentrale tesar, mellom anna tanken om at individuell fridom skulle vera avhengig av ein fri marknadsøkonomi kor staten frivillig har gjeve frå seg høve til å kontrollera økonomien til samfunnets beste eller i interessa til deira eigne innbyggjarar.

I omkring førti år etter avhandlinga til Cros vart omgrepet ”nyliberalisme” brukt relativt sjeldan, og då i hovudsak til å skildre situasjonen i Vest-Tyskland, kor det nokre gonger vart nytta som eit tilnamn for ideologien bak den ”sosiale marknadsøkonomien” (*soziale Marktwirtschaft*). Her tente spesielt Röpke og andre ”ordoliberalarar” som sentrale inspirasjonskjelder (jamfør Arndt 1954; Friedrich 1955). Det er spesielt den tyske sosiale teoretikaren og katolske teologen Edgar Nawroth (1961; 1962) som, delvis inspirert av Cros, freistar å konsentrere analysen sin om den politiske, sosiale og økonomiske utviklinga i Forbundsrepublikken rundt omgrepet *Neoliberalismus*.

I studiane til Nawroth er det særleg forsøka til dei fyrste to vesttyske kanslarane Konrad Adenauer og Ludwig Erhard som skildrast som ”nyliberalisme”, og som ein tredje veg mellom fascisme og kommunisme. Her leggjast det vekt på å kombinera marknadsøkonomi med liberalt demokrati og somme element av ”katolsk sosiallære” (*katholische Soziallehre*). Likevel er Nawroth sjølv svært skeptisk til denne relativt eklektiske ideologien, og han er særskilt oppteken av at den opne marknadsøkonomien inspirerar folk til å verta sjølvsentrerte

og materialistiske. Slike trekk er til hinder for deira moralske utvikling og fører med seg ei svekking av den interne solidariteten i det tyske samfunn. Med sin sterkt konservative kritikk av vesttysk ”nyliberalisme” (og det moderne samfunnet generelt sett), opnar Nawroth ein ny tradisjon som nyttar omgrepet i negativ lei. Dette er tilfelle sjølv om han brukar det til å skildre eit økonomisk system som karakteristisk mangla den doktrinære fastleik som i den ”kritiske litteraturen” ofte vert sett i samband med nyliberalismen.

Omgrepet nyliberalisme, slik det vert brukt av Cros og Nawroth, vart sakte og gradvis eksportert til resten av verda, kor det gjennom 1990-talet utvikla den rolla som omgrepet no har. Vi kan sjå dei tidlege stega til denne rørsla i ein artikkel av den belgisk-amerikanske filosofen Wilfried ver Eecke (1982). Dette er implisitt eit forsøk på å spreie forståinga til Cros og Nawroth vidare til den engelskspråklege verda. I teksten nyttar ver Eecke omgrepet nyliberalisme til å skildre både den tyske ordoliberalismen og den amerikanske monetarismen. I fylgje ver Eecke går desse straumdraga saman i eit sterkt ynskje om ein stat som berre vil gripe inn i marknaden dersom det er naudsynt for å sikre eksistensen av marknadsøkonomien. Døme på dette er ordningar som forbod mot monopol og ein pengepolitikk som tek sikte på prisstabilitet. I fylgje ver Eecke er ikkje nyliberalisme berre nye former for liberal teori, men snarare eit omgrep reservert for ei særskilt form for liberalisme, som har forplikta seg på ein nokså radikal økonomisk politikk basert på *laissez-faire*. Blant tilhengjarane av ein slik politikk kan vi finne nokre av dei kompromisslause klassiske liberalistane i nyare tid, som Mises og Hayek, men òg monetaristar og andre økonomar som er tilbøyelege til å ville etablere og verja det dei oppfattar som ”frie markadar”, som til dømes Friedman. Til slutt finn vi libertarianarane og deira bodskap om individuell fridom, som også vert hyppig nemnt, og som legg vekt på eit ynskje om ein minimal stat, som til dømes Nozick og Rothbard.

David Harveys definisjon av nyliberalisme

I dei nyare tilskota innanfor den kritiske litteraturen står David Harvey fram som ein av dei få som freistar å gje omgrepet ein definisjon. I boka si, *A Brief History of Neoliberalism*, som delvis kan førast tilbake til analysane til Cros, Nawroth og ver Eecke (Harvey 2005), greier Harvey ut om kva han legg til grunn når han kallar noko eller nokon for ”nyliberal”. Ut frå vårt syn kastar denne definisjonen ljøs over kva nyliberalisme eigentleg er:

“Neoliberalism is in the first instance a theory of political economic practices that proposes that human well-being can best be advanced by liberating individual entrepreneurial freedoms and skills within an institutional framework characterized by strong private property rights, free markets and free trade. The role of the state is to create and preserve an institutional framework appropriate to such practices. The state has to guarantee, for example, the quality and integrity of money. It must also set up those military, defence, police and legal structures and functions required to secure private property rights and to guarantee, by force if need be, the proper functioning of markets. Furthermore, if markets do not exist (in areas such as land, water, education, health care, social security, or environmental pollution) then they must be created, by state action if necessary. But beyond these tasks the state should not venture. State interventions in markets (once created) must be kept to a bare minimum because, according to the theory, the state cannot possibly possess enough information to second-guess market signals (prices) and because powerful interest groups will inevitably distort and bias state interventions (particularly in democracies) for their own benefit” (Harvey 2005:2).

Harveys definisjon av nyliberalisme kan seiast å vera tilpassa hans overordna analyse, noko som inkluderar den oppfatninga at verda har gått i retning av ”nyliberalisme i politisk-økonomisk praksis og tenkjemåte sidan 1970-talet” (ibid.). Harvey føreslår med denne definisjonen å syne at nyliberalismen ikkje berre er ei forynging av liberalismen på generelt plan, men at den i staden er ein særskilt økonomisk teori som i seinare tid har erstatta ein meir mild form for *embedded liberalism*, som Harvey knyt opp til Keynes og andre såkalla moderne liberalistar. Det er tydeleg at Harvey ikkje ser på nyliberalismen som ei fortsetjing av den opphavlege forma for liberalisme, men snarare som noko som lever på sida av hovudstraumen i liberal tankegang. Det ser faktisk ut til at somme nyliberalarar ikkje er liberalarar på nokon meiningsfull måte, av di Harvey kategoriserar antiliberale autokratar som Deng Xiaoping og Augusto Pinochet som nokre av dei fremste pådrivarane for nyliberale reformer i sine egne land. Det finst sjølvsagt nyliberalistar med ein liberal identitet, og blant desse politiske tenkjarar og økonomar som Hayek og Friedman. Jamvel også politikarar som Reagan og Thatcher, som i namnet er konservative, er i Harveys syn på vår nyare historie framstilte som ansvarlege for utviklinga i nyliberal lei. Definisjonen hans, som strekkjer seg frå thatcherisme til ”sosialisme med kinesiske trekk”, legg heilt rett vekt

på at nyliberalisme er ”ein teori for politisk-økonomisk praksis” snarare enn ein ”fullstendig” politisk ideologi. Det ser faktisk ikkje ut til å vera nokon som helst samanheng mellom ei støtte til nyliberal økonomisk praksis og ei tilsvarande støtte til meir tradisjonelle liberale politiske saker som forsvaret av demokrati, menneskerettar og einskildmenneskets fridom.

Nyliberal politisk filosofi

Eit anna forsøk på å studere nyliberalisme kjem frå Anna-Maria Blomgren (1997), men då ut frå eit perspektiv bygd på normativ politisk teori. I ein ”kritisk analyse” av politiske tenkjarar som Friedman, Nozick og Hayek skildrar ho deira respektive politiske og økonomiske teoriar som representative for ”nyliberal politisk filosofi”. Blomgrens karakteristikkk av nyliberalisme overlappar til ein viss grad med definisjonen til Harvey, men legg klårt vekt på mangfaldet av nyliberale tenkjesett.

“Neoliberalism is commonly thought of as a political philosophy giving priority to individual freedom and the right to private property. It is not, however, the simple and homogeneous philosophy it might appear to be. It ranges over a wide expanse in regard to ethical foundations as well as to normative conclusions. At the one end of the line is ‘anarcho-liberalism’, arguing for a complete *laissez-faire*, and the abolishment of all government. At the other end is ‘classical liberalism’, demanding a government with functions exceeding those of the so-called night-watchman state” (Blomgren 1997:224).

Blomgren argumenterar for at Hayek, Friedman og Nozick alle har ulike teoretiske grunngevingar for sitt nyliberale politiske tenkjesett. Til dømes ser det tilsynelatande ut til at Friedman er ein typisk representant for *konsekvensialistisk* nyliberalisme: Han ser ut til å føretrekkje nyliberal politikk som avregulering, privatisering og radikale skattekutt med grunnlag i dei positive fylgjene ein slik politikk ville ha for den makroøkonomiske utviklinga. Når Blomgren dukkar djupare ned i spørsmålet finn ho likevel ut at dei politiske teoriane hans har grunnlag i ein tanke om at menneska har eit sett av naturlege rettar. Dette fører med seg at Friedman vil innføre ei nyliberal ”pakke” av politisk og økonomisk praksis av di menneska naturleg sett er sosiale av natur. Deira sosiale natur leiur til visse måtar å organisera samfunnet på som legg vekt på at individa er ”frie til å velja” (jamfør Friedman 1962; 1980).

På liknande vis er Hayek ein meir konservativ nyliberalar. Sjølv om han på sett og vis set fram eit argument i retning av nyliberalisme, baserar han den politiske tenkinga på ideen om ei naturleg lov. Sentralt i teorien til Hayek er ideen om ”spontan orden” i alt sosialt liv, noko som er mykje betre enn noko form for kunstig skapt orden, særleg når det kjem til å sikre einskildmennesket sin fridom og trivsel (Jamfør spesielt Hayek 1944; 1973).

Endeleg er Nozick, i alle fall i hans tidlege arbeid innanfor politisk filosofi, ein representant for ein *deontologisk* form for nyliberalisme. Han er talsmann for mykje av den same politikken som Friedman og Hayek, men legg til grunn ein ide som stadfestar at alle menneske har eit sett av absolutte rettar som ikkje kan krenkjast. Desse rettane gjer det vanskeleg å sjå at staten har noko som helst legitim rolle å spela (Nozick 1974). Likevel er det slik at Nozick vil korrigerer tidlegare urett, sjølv om dette vil leie til at statlege styresmakter må gripe inn i økonomien. I motsetnad til Friedman og Hayek legg ikkje Nozick vekt på moglege *positive konsekvensar* av ein nyliberal politikk når han argumenterar i ei slik retning, men er i staden oppteken av at ein slik politikk er det *rette verkemiddel* for å skape eit samfunn i samsvar med hans tankar om rettfærd og naturlege rettar.

Desse kategoriseringane mellom ulike former for nyliberalisme, som Blomgren gjer i si bok, er ikkje heilt uproblematisk. Det er mogleg å gjera andre tolkingar, som til dømes at den politiske tenkinga til Friedman og Hayek er gjeven eit indirekte utilitaristisk fotfeste, snarare enn at dei er forankra i naturlege rettar som synleggjort av Blomgren (Malnes 1998; Lundström 1998). Kva som er relativt enkelt å sjå i hennar overordna analyse er likevel hennar siste spørsmål: Gjev det meining å skildre nyliberalisme som ein samanhengjande tradisjon av politisk tenking, gitt dei særskilte rettferdiggjeringane av den same type politikken som vi kan sjå hjå dei ulike teoretikarane? Alt i alt er det kanskje betre ikkje å rekne nyliberalisme som ein særskilt politisk filosofi, men i staden som ei praktisk skildring av eit nokså formlaust sett av politiske teoriar. Slike teoriar spenner alt frå den anarkiske kapitalismen til Rothbard, som inneheld den oppfatninga at staten bør fjernast heilt, til den ”klassiske liberalismen” som vert forfekta av Mises og Hayek, og som byggjer på tanken om at eit sterkt men til dagleg inaktivt *samvelde* er eit naudsynt premiss for alt sosialt liv og individuell og økonomisk fridom. På nokre tidspunkt snakkar desse ulike politiske filosofane

med ei stemme, som talsmenn for ei rad radikale reformer kor ”staten trekkjer seg tilbake” og formar eit samfunn grunnlagt på marknadsmekanismar. Samstundes er dei også såpass ulike at dei fortener ein nyansert kritikk, som tyder på at interne forskjellar vert handsama på eit meir seriøst vis, snarare enn å plassera alle under paraplyomgrepet nyliberalisme.

Definisjon av nyliberalisme

I ljøs av både den litteraturen som er presentert til no og dei andre avsnitta i denne artikkelen, freistar vi nå å gje ein definisjon som i hovudtrekk byggjer på den meir moderate delen av den ”kritiske litteraturen”, og då spesielt arbeida til Blomgren og Harvey. Vi trur likevel at vår definisjon er meir poengtert, og vil vera betre innafor eit rammeverk av meir nøytrale analysar av fenomenet nyliberalisme og vilkåra for politikk i dag.

Slik vi ser det er nyliberalisme eit relativt laust kopla sett av politiske oppfatningar som legg vekt på at den einaste legitime rolla til staten er å sikre einskildmenneskets fridom, og då spesielt i økonomisk samanheng, og i tillegg med sterk vekt på den private eigedomsretten (jamfør spesielt Mises 1962; Nozick 1974; Hayek 1979). Resultatet av eit slikt syn er at staten bør vera av eit minimum eller i det minste drastisk redusert i både styrkje og storleik. Eit kvart overtramp utover denne eine legitime rolla vert sett på som uakseptabel framferd (ibid.). Desse synspunkta kan også gjelde for det internasjonale nivået, kor system med frie marknader og fri handel også bør setjast i verk. Det einaste akseptable grunnlaget for å regulera internasjonal handel er å sikre den same økonomiske fridomen og dei same eigedomsrettane på internasjonalt nivå, som allereie eksisterar på nasjonalt nivå (Norberg 2001; Friedman 2006).

På generelt grunnlag kan vi seia at nyliberalisme vil byggja på den oppfatninga at frie marknadsmekanismar er den beste måten å organisera utveksling av gode og tenester på (Friedman 1962; 1980; Norberg 2001). Det hevdast at frie marknader og fri handel vil sikre den kreativiteten og entreprenøranda som er innebygd i eit kvart samfunns såkalla spontane orden, og difor leiar utforminga av ein hovudsakleg passiv stat til meir individuell fridom og velstand og meir effektiv allokering av ressursar og gode (Hayek 1973; Rothbard [1962/1970] 2004).

Nyliberalt tankegods kan jamvel også innehalde ein tanke moralsk dygd: Ein god og dygdig person er ein som evnar å skaffe seg tilgang til marknader, og som kan vera ein kompetent

aktør i desse marknadene. Han eller ho er viljug til å akseptere risikoen ved deltaking i frie marknader, og tilpassar seg fint til raske endringar som kan oppstå ved slik deltaking (Friedman 1980). Individua vert også heilt ansvarlege for fylgjene av dei vala og avgjerdene dei tek på fritt grunnlag, kor tilfelle av ulikskap og grell sosial urett vert normalt sett på som akseptabelt, i det minste i den grad det kan sjåast på som eit resultat av frie avgjerder gjort av einskildmenneske (Nozick 1974; Hayek 1976). Dersom ein krev at staten skal regulera marknaden eller gripe inn i han, til dømes om nokon har tapt livsgrunnlaget sitt i ein fritt inngått marknadstransaksjon, er dette ein indikasjon på at ein er moralsk forderva eller manglar noko i si personlege utvikling. Ein slik person er då knapt forskjellig frå ein tilhengjar av ein totalitær stat (Mises 1962).

Slik sett er nyliberalisme ei nokså utflytande samling av idear om korleis staten skal organisera tilhøvet sitt til omgjevnadene sine, og ikkje ein fullstendig politisk filosofi eller ideologi (Blomgren 1997; Malnes 1998). Faktisk er nyliberalismen i det heile ikkje ein teori om korleis politiske prosessar skal organiserast. Nyliberalismen seier til dømes ikkje stort om det bør eller ikkje bør vera demokrati eller fri utveksling av politiske idear. Dette fører til, som Harvey legg vekt på, at politikk inspirert av nyliberalismen kan setjast i verk av både diktatur og innanfor liberale demokrati. Faktisk er det slik at nyliberalismen berre krev at så mykje som mogleg skal overlatast til marknaden, og at så lite som mogleg bør vera underlagt genuint *politiske* prosessar. Tilhengjarar av nyliberalismen er difor ofte framstilt som skeptiske til demokrati i den ”kritiske litteraturen”: dersom demokratiet bremsar nyliberale reformer eller trugar individuell og kommersiell fridom, som det nokon gonger gjer, bør demokratiet setjast på sidelinja og erstattast av reglar utarbeidd av ekspertar eller ulike former for rettslege instrument. Ei praktisk iverksetjing av nyliberal politikk vil difor leia til ei omfordeling av makt frå politiske til økonomiske prosessar, frå staten til marknaden og individua, og til slutt frå lovgjevande og utøvande institusjonar til domstolane (jamfør Østerud et al. 2003; Trollstøl and Stensrud 2005; Tranøy 2006).

Lever vi i ”nyliberalismens tidsalder”?

Til nå har vi sett at nyliberalismen ikkje berre er ei meir nyleg oppstode av liberalismen. Nyliberalismen kan kanskje best sjåast på som ein radikal arving til meir opphavlege former for liberalisme, kor kravet til tradisjonelle liberalarar om ”fridom i likskap” er erstatta av eit krav om total fridom for dei kompetente og deira økonomiske prosjekt. Slik sett liknar nyliberalisme på det parallelle fenomenet nykonservatisme, som heller ikkje er ei ny form

eller ei nyleg oppstode av tradisjonell konservatisme, men snarare eit nytt og unikt, og avgjort meir kompromisslaust sett av politiske idear.

Denne artikkelen er ein del av prosjektet og boka ”*Politikkens vilkår i det nyliberale samfunn*”. Denne tittelen gjev inntrykk av at ein overgang frå eit udefinert tidligare stadium i samfunnets politiske og økonomiske utvikling, til noko som kallast ”det nyliberale samfunnet” anten er under oppsegling eller alt har funne stad. Ut frå ein slik analyse, som mellom anna liknar den vi finn i *Critical Reader* og Harveys *Brief History*, har ein gått vekk frå eit samfunn basert på stort rom for demokratisk styring og utøving av politisk autoritet, til eit nytt type samfunn kor ”politikkens vilkår” er redusert grunna politiske reformer inspirert av nyliberalt tenkjesett og nyliberale teoriar.

Det er mange spørsmål som melder seg når vi konfronterast med ein tanke om at vi skulla leva i nyliberalismens tidsalder. Dei mest sentrale spørsmåla er, må det seiast, lett respektlaust sett opp mot den ”kritiske” litteraturen og prosjektets overordna analyse: Er det verkeleg slik at nyliberalismen er ”den dominerande ideologien som formar verda vår i dag”? Er vi verkeleg på veg mot eit ”nyliberalt samfunn”, forstått som eit samfunn forma av nyliberal ideologi? Kan vi verkeleg på ein meningsfull måte tenkje oss at vi lever i ”nyliberalismens tidsalder”? Det er også fleire spørsmål som er relevante. Dersom det er ein trend mot reformer i offentleg sektor, økonomisk politikk og internasjonal handel som er inspirert av nyliberalisme, er dette ein trend som veks i styrke og omfang? Eller er det trekk som tyder på at ”nyliberale” reformer allereie er i tilbakegang eller jamvel har fått redusert innverknad?

På eit meir grunnleggjande plan kan det også vera grunn til å spørje seg om kor fruktbart og vitskapeleg nyttig eit slikt omgrep i realiteten er. Er omgrepet ”nyliberalisme” nyttig for å forstå betre kva som går føre seg i verda, eller leiar det oss heller i feil retning? Fører det til ei undervurdering av somme trekk og overvurdering av andre, kor nokre vil motverke og til og med nøytralisere reformer i offentleg sektor og andre utviklingstrekk inspirert av nyliberale økonomiske teoriar og ideologiar?

Men fleire spørsmål står att: Gjev det meining å seie at vi i dag lever i nyliberalismens tidsalder eller i eit nyliberalt samfunn? Er dei oppfatningane og haldningane som viser seg i

definisjonsforsøka ovanfor verkeleg så mektige og utbreidde? For oss ser det ut til å vera klokt å vente med å gje ferdige svar på desse spørsmåla. Kanskje er dette eit litt kjedeleg svar, men avgjort meir presist og meir i tråd med røynda å snakke om ein tidsalder som er prega av meir kompleksitet, mindre tryggleik og fastleik, snarare enn ein tidsalder prega av nyliberal ideologi. Dersom dette er tilfelle ser det ut til at omgrepet nyliberalisme bør setjast til side for å omtala eit sett av idear som i nyare tid har hatt somme politiske fylgjer, men som viser seg framleis samla sett å vera ein temmeleg radikal ideologi.

Det er eit opent spørsmål om nyliberalisme er ein dominerande trend i verda i dag, som mykje av litteraturen ovanfor peikar på, eller om nyliberalisme snarare er eit sett av radikale idear som har hatt ein viss innverknad på politikk og samfunnsliv i den seinare tida. Uansett bør nyliberale måtar å organisere samfunnet på studerast meir detaljert og inngåande. På same tid bør vi spørje oss sjølv om ikkje andre omgrep kan skildre utviklingstrekk i verda i dag på ein meir presis måte enn kva ”nyliberalisme” gjer.

Forfattarpresentasjon:

Dag Einar Thorsen (f. 1979) er cand. polit. i statsvitskap og er universitetsstipendiat ved Institutt for statsvitskap ved Universitetet i Oslo. I arbeidet med doktorgradsavhandlinga, skriv han om britisk liberalisme.

Amund Lie (f. 1978) har mastergrad i statsvitskap og er universitetsstipendiat ved Institutt for statsvitskap ved Universitetet i Oslo. Doktorgradsavhandlinga hans tek utgangspunkt i tema frå tilsynspolitikk og mattryggleik i Norge og på New Zealand.

Litteraturliste

- Abbey, Ruth (2005): "Is Liberalism Now an Essentially Contested Concept?"; *New Political Science* 27:461-480.
- Ackerman, Bruce (1980): *Social Justice in the Liberal State*. New Haven, Connecticut: Yale University Press.
- Arndt, Erich (1954): "Neoliberalismus und Wirklichkeit – Neue Wege und alte Dogmen"; *Gewerkschaftlicher Monatshefte* 5:137-142.
- Barnes, Harry E. (1921): "Some Typical Contributions of English Sociology to Political Theory"; *American Journal of Sociology* 27:289-324.
- Beveridge, William (1944): *Full Employment in a Free Society*. London: Allen & Unwin.
- Beveridge, William (1945): *Why I am a Liberal*. London: Jenkins.
- Blomgren, Anna-Maria (1997): *Nyliberal politisk filosofi. En kritisk analys av Milton Friedman, Robert Nozick och F. A. Hayek*. Nora: Bokförlaget Nya Doxa.
- Bourdieu, Pierre (1998): *Contre-feux: Propos pour servir à la résistance contre l'invasion néo-libérale*. Paris: Éditions Liber.
- Bourdieu, Pierre (1998a): "L'essence du néolibéralisme"; *Le Monde diplomatique* Mars 1998. <http://www.monde-diplomatique.fr/1998/03/BOURDIEU/10167>
- Bourdieu, Pierre (2001): *Contre-feux 2: Pour un mouvement social européen*. Paris: Éditions Raisons d'Agir.
- Burns, Arthur R. (1930): "Die Konkurrenz (Untersuchungen über die Ordnungsprinzipien und Entwicklungstendenzen der Kapitalistischen Verkehrswirtschaft) [Omtale av Halm (1929)]"; *The Journal of Political Economy* 38:490-491.
- Campbell, John L. and Ove K. Pedersen (red.) (2001): *The Rise of Neoliberalism and Institutional Analysis*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Chomsky, Noam (1999): *Profit over People – Neoliberalism and Global Order*. New York: Seven Stories Press.
- Clarke, Simon (2005): "The Neoliberal Theory of Society"; ss. 50-59 i Alfredo Saad-Filho and Deborah Johnston (red.): *Neoliberalism – A Critical Reader*. London: Pluto Press.
- Cros, Jaques (1950): *Le "néo-libéralisme" et la révision du libéralisme*. Thèse Droit. Toulouse: Imprimerie Moderne.
- Eecke, Wilfried ver (1982): "Ethics in Economics: From Classical Economics to Neo-Liberalism"; *Philosophy and Social Criticism* 9:145-168.
- Friedman, Milton (1962): *Capitalism and Freedom*. Chicago: University of Chicago Press.
- Friedman, Milton (1980): *Free to Choose*. New York: Harcourt Brace Jovanovich.
- Friedman, Milton and Anna J. Schwartz (1963): *A Monetary History of the United States 1867-1960*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Friedman, Thomas (2006): *The World is Flat: The Globalized World in the Twenty-First Century*. London: Penguin.

- Friedrich, Carl J. (1955): "The Political Thought of Neo-Liberalism"; *American Political Science Review* 49:509-525.
- Fukuyama, Francis (2006): *America at the Crossroads: Democracy, Power and the Neoconservative Legacy*. New Haven, Connecticut: Yale University Press.
- Gallie, Walter Bryce (1956): "Essentially Contested Concepts"; *Proceedings of the Aristotelian Society* 56:167-198.
- Galston, William A. (1995): "Two Concepts of Liberalism"; *Ethics* 105:516-534.
- Giddens, Anthony (1998): *The Third Way. The Renewal of Social Democracy*. Cambridge: Polity.
- Gide, Charles (1898): "Has Co-operation Introduced a New Principle into Economics?"; *The Economic Journal* 8:490-511.
- Gide, Charles (1922): *Consumers' Co-Operative Societies*. New York: Alfred A. Knopf.
http://fax.libs.uga.edu/HD3271xG453/1f/consumers_coop_societies.pdf
- Gray, John (1995): *Liberalism*. 2nd Edition. Buckingham: Open University Press.
- Halm, Georg (1929): *Die Konkurrenz – Untersuchungen über die Ordnungsprinzipien und Entwicklungstendenzen der Kapitalistischen Verkehrswirtschaft*. Leipzig: Duncker & Humblot.
- Hagen, Roar (2006): *Nyliberalismen og samfunnsvitenskapene – refleksjonsteorier for det moderne samfunnet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Harvey, David (2005): *A Brief History of Neoliberalism*. Oxford: Oxford University Press.
- Hayek, Friedrich A., et al. (1935): *Collectivist Economic Planning – Critical Studies on the Possibilities of Socialism*. London: Routledge.
- Hayek, Friedrich A. (1944): *The Road to Serfdom*. London: Routledge.
- Hayek, Friedrich A. (1960): *The Constitution of Liberty*. London: Routledge.
- Hayek, Friedrich A. (1973): *Law, Legislation and Liberty: A new Statement of the Liberal Principles and Political Economy. Volume I: Rules and Order*. London: Routledge.
- Hayek, Friedrich A. (1976): *Law, Legislation and Liberty: A new Statement of the Liberal Principles and Political Economy. Volume II: The Mirage of Social Justice*. London: Routledge.
- Hayek, Friedrich A. (1979): *Law, Legislation and Liberty: A new Statement of the Liberal Principles and Political Economy. Volume III: The Political Order of a Free People*. London: Routledge.
- Hermansen, Tormod (2005): "Den nyliberalistiske staten"; *Nytt Norsk Tidsskrift* 21:306-319
- Kekes, John (1997): *Against Liberalism*. Ithaca, New York: Cornell University Press.
- Keynes, John Maynard (1936): *The General Theory of Employment, Interest, and Money*. London: Macmillan.
- Kristol, Irving (1983): *Reflections of a Neoconservative: Looking Back, Looking Ahead*. New York: Basic Books.
- Kymlicka, Will (2002): *Contemporary Political Philosophy: An Introduction*. 2nd Edition. Oxford: Oxford University Press.

- Lane, Jeremy F. (2006): *Bourdieu's Politics: Problems and Possibilities*. London: Routledge.
- Larmore, Charles (1990): "Political Liberalism"; *Political Theory* 18:339-360.
- Laski, Harold J. ([1936] 1997): *The Rise of European Liberalism*. With a new introduction by John L. Stanley. New Brunswick, New Jersey: Transaction.
- Lippmann, Walter (1937): *The Good Society – An Inquiry into the Principles of the Good Society*. Boston: Little, Brown & Co.
- Locke, John ([1689/90] 1823): "Two Treatises of Government"; vol. V, ss. 207-485 i *The Works of John Locke: A New Edition, Corrected*. London: Thomas Tegg et al.
- Lundström, Mats (1998): "Hayek, utilitarismen och nyliberalismen"; *Statsvetenskaplig Tidskrift* 101:313-321.
- Malnes, Raino (1998): "Liberalismens mangfold"; *Statsvetenskaplig Tidskrift* 101:304-313.
- Merriam, Charles E. (1938): "The Good Society [Omtale av Lippmann (1937)]"; *Political Science Quarterly* 53:129-134.
- Mises, Ludwig von (1962): *The Free and Prosperous Commonwealth: An Exposition of the Ideas of Classical Liberalism*. Princeton, New Jersey: Van Nostrand.
- Munck, Ronaldo (2005): "Neoliberalism and Politics, and the Politics of Neoliberalism"; ss. 60-69 i Alfredo Saad-Filho and Deborah Johnston (red.): *Neoliberalism – A Critical Reader*. London: Pluto Press.
- Nawroth, Egon Edgar (1961): *Die Sozial- und Wirtschaftsphilosophie des Neoliberalismus*. Heidelberg: F. H. Kerle.
- Nawroth, Egon Edgar (1962): *Die wirtschaftspolitischen Ordnungsvorstellungen des Neoliberalismus*. Köln: Carl Heymann.
- Norberg, Johan (2001): *Till världskapitalismens försvar*. Stockholm: Timbro.
<http://www.timbro.se/bokhandel/pdf/9175664917.pdf>
- Nozick, Robert (1974): *Anarchy, State and Utopia*. Oxford: Blackwell.
- Østerud, Øyvind, Fredrik Engelstad and Per Selle (2003): *Makten og demokratiet: En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal.
- Oxford English Dictionary (1989): "Liberal"; i *Oxford English Dictionary*, 2nd Edition. Oxford English Dictionary Online. Oxford: Oxford University Press.
<http://dictionary.oed.com/cgi/entry/50132669>
- Oxford English Dictionary (1989a): "neo-liberal"; i *Oxford English Dictionary*, 2nd Edition. Oxford English Dictionary Online. Oxford: Oxford University Press.
<http://dictionary.oed.com/cgi/entry/00322928>
- Palley, Thomas I. (2005): "From Keynesianism to Neoliberalism: Shifting Paradigms"; ss. 20-29 i Alfredo Saad-Filho and Deborah Johnston (red.): *Neoliberalism – A Critical Reader*. London: Pluto Press.
- Pantaleoni, Maffeo (1898): "An Attempt to Analyse the Concepts of 'Strong and Weak' in Their Economic Connection"; *The Economic Journal* 8:183-205.
- Plehwe, Dieter, Bernard Walpen and Gisela Neunhöffer (red.) (2006): *Neoliberal Hegemony – A Global Critique*. London: Routledge.

- Rapley, John (2004): *Globalization and Inequality: Neoliberalism's Downward Spiral*. Boulder, Colorado: Lynne Rienner.
- Rawls, John (1971): *A Theory of Justice*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.
- Rawls, John (1993): *Political Liberalism*. New York: Columbia University Press.
- Röpke, Wilhelm (1944): *Civitas Humana – Grundfragen der Gesellschafts- und Wirtschaftsreform*. Erlenbach-Zürich: Eugen Rentsch.
- Röpke, Wilhelm (1945): *Die deutsche Frage*. Erlenbach-Zürich: Eugen Rentsch.
- Rothbard, Murray ([1962/1970] 2004): *Man, Economy, and State: A Treatise on Economic Principles—Power and Market: Government and the Economy*. [To bøker utgjeve på ny i ei fil.] Auburn, Alabama: The Ludwig von Mises Institute.
<http://www.mises.org/rothbard/mespm.PDF>
- Ryan, Alan (1993): “Liberalism”; ss. 291-311 i Robert E. Goodin and Philip Pettit (red.): *A Companion to Contemporary Political Philosophy*. Oxford: Blackwell.
- Saad-Filho, Alfredo and Deborah Johnston (2005): “Introduction”; ss. 1-6 i Alfredo Saad-Filho and Deborah Johnston (red.): *Neoliberalism – A Critical Reader*. London: Pluto Press.
- Sartori, Giovanni (1987): *The Theory of Democracy Revisited*. Chatham, New Jersey: Chatham House.
- Shklar, Judith (1989): “The Liberalism of Fear”; ss. 21-38 i Nancy L. Rosenblum (red.): *Liberalism and the Moral Life*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.
- Touraine, Alain (2001): *Beyond Neoliberalism*. Cambridge: Polity.
- Tranøy, Bent Sofus (2006): *Markedets makt over sinnene*. Oslo: Aschehoug.
- Trollstøl, Silje and Ellen Stensrud (2005): *Reform av offentlig sektor*. Forskningsrapport 3/2005. Oslo: Institutt for statsvitenskap.
- Waldron, Jeremy (1987): “Theoretical Foundations of Liberalism”; *The Philosophical Quarterly* 37:127-150.
- Walzer, Michael (1990): “The Communitarian Critique of Liberalism”; *Political Theory* 18:6-23.
- Wolfson, Adam (2004): “Conservatives and neoconservatives”; *The Public Interest* 150:32-48.